

## 1.1 BJØRN WEST MUSEET, MATRE, MASFJORDEN

Namn på institusjon/samling, adresse	Bjørn West Museet, Matre, Masfjorden		
			
Eigar	Bjørn West-museet stiftelse		
Samlingsansvarleg	Arne Berg (stilling finansiert av Masfjorden kommune)		
Undersøkingsdato	22/08/2014		
Kort skildring	<p>Militær samling knytt til ei lokal norsk geriljagruppe som var aktiv mot slutten av den andre verdskriken. Samlinga innehold ei trehytte (Stølen) som er henta ned frå fjellet. Hovudbygningen til museet (bygd ca. 1912), som husar samlinga, var (forresten) brukt av tyske soldatar under okkupasjonen.</p>		
Målte verdiar, klimakontroll på undersøkingsdagen		Temperatur °C	RF %
	Innandørs – Museet	19,7	50,7
	Innandørs – «Båthuset»	17,6	58,8
	Utandørs	14,6	69,1
Hovedtype samling(ar)	<p>Militær samling – våpen, artilleri, uniformer, kommunikasjonsutstyr, transportmiddel, dokument, osb.</p> <p>Samling med munnleg historie og film. Denne er no i ferd med å bli overført til digitale medium.</p>		<p>Er bygning(ar) og/eller landskap ein vesentleg del av samlinga?</p> <p>Ja</p>
Materialtypar	<p>Metall (hovudsakleg stål), aluminium, tinn), tre (noko av det måla), tekstilar (bomull, silke, ull), skinn, papir, glas.</p>		<p>Immaterielle samlingar – menneske, tradisjonar, munnleg historie?</p> <p>Ja – eldre i</p>

	nærområdet som levde under okkupasjonen.
Tal på gjenstandar	Ikkje kjent – visningsområda husar storparten av samlinga (grov overslag – rundt 800–1000 gjenstandar), men det finst òg noko materiale i eit lagerlokale i ein kjellar.
Kommentarar til tal på gjenstandar	
Storleik	Stort sett små til middels store, men samlinga rommar òg ein båt og hytta (Stølen) Minste: f.eks. uniformsmerke – 50 mm      Største: Stølen – om lag 2,5 x 2,5 x 3 m

### SAMLINGSFORVALTING



### Tryggleik

Både hovudmuseet og utstillingsrommet i båthuset har innstukne låsar. Der er hengelås på Stølen (det er ikkje kjent om gjenstandane som er stilte ut her er ein del av samlinga). Det er ikkje kjent kven som har tilgang til nøklar. Det er eit alarmsystem i hovudmuseet, men det var ingen alarm i båhuset, og overvåkingskamera er ikkje teke i bruk. Storparten av gjenstandane i hovudmuseet er utstilte ut i låste montrar (sjå figur 3) (bortsett frå nokre uniformer og sklutstyr i den øvste etasjen), men dei som er i det ubemanna båhuset er stort sett oppbevarte i ulåste montrar som er enkle å opne (figur 5). Museet er stengt og ubemanna mellom oktober og april, men det førast tilsyn med det også i denne perioden. Det er ingen kjend sikringsplan.

### Vern og vedlikehald

Hovudbygningen til museet treng omfattande taktekking, og det var fleire døme på tidlegare (og moglegvis aktiv) vassinntrenging i den øvste etasjen (figur 2). Det er innlagt elektrisitet både i hovudbygget og i båhuset, og dette

anlegget verkar vere i god stand. Museet, båhuset og Stølen har brannsløkkingsapparat, men manglar eit sett med utstyr for bruk i naudssituasjonar. Skytevåpena og dei gamle medisinflaskene som er utstilte i eit ulåst monter i båhuset utgjer ein potensiell helse- og tryggleksrisiko (figur 5).

### Miljøtilstand (førebyggande konservering)

Det er lite støv og smuss, men det er noko rusk (sagflis, osb.) i utstillingsmontera, noko som tyder på at reingjering ikkje blir utført regelmessig. Temperatur og fukt i hovudbygningen vert overvaka, men det er ikkje kjent om/korleis desse målingane vert registrerte og brukte. Det er inga synleg klimaovervaking i båhuset. Dørene står opne om dagen, noko som fører til at tilhøva der vil endre seg frå dag til dag. I hovudbygningen er tynne gardiner trekt føre alle vindauge, noko som reduserer naturleg lys og UV-nivå, men lysrøyra i utstillingsmontrane fører truleg til vesentleg UV-stråling. Mengda dagslys i båhuset er avgrensa til (men kjem ikkje berre frå) den (store) døropninga og tre smale vindauge, men det er mogleg at kombinasjonen av naturleg og kunstig lys (frå lysstoffrør og halogenpærer) er for høg for det organiske materialet som er utstilt her. Ingen skadedyraktivitet vart registrert i museet eller båhuset, sjølv om noko mit (ukjent om angrepet er historisk eller aktivt) vart påvist på Stølen. Ingen synleg skadedyrkontroll. Nokre gjenstandar vert handterte og brukte ved arrangement eller omvisingar, utan at ein har eit formelt bruksreglement eller tek spesielle forholdsreglar (hanskar, osb.).

### Lokale og materiale

Konserveringsgodkjend inventar eller materiale er ikkje brukt, og utstillingsmontrane er generelt i ubehandla/ikkje forsegla tre med ikkje-arkivsikkert stoff på baksida (figur 3). Likevel får storparten av gjenstandane tilstrekkeleg støtte (med nokre unntak) og utstillingsmontrane er ikkje overfylte. Uniformar/drakt stillast gjerne ut på utstillingsdokker eller kleshengarar. Førstnemnte gir tilstrekkeleg støtte i enkelte tilfelle, medan sistnemte generelt fører til slitasje. Det er inga kjend oversikt over plasseringa av gjenstandane.

### Tilstandsvurdering

Mesteparten av gjenstandane er i ganske god til god stand, og berre ei gjenstand som treng umiddelbar konservering vart oppdaga under denne undersøkinga (ein kikkert i båhuset som verkar vere utsett for saltutslag/muggsopp? (figur 4). Det finst likevel andre potensielle risikofaktorar for gjenstandane, slik som ueigna utstillingsmateriale (som skildra ovanfor) og metodar (gjenstandar som er utstilte på golvet, skjøre drakter som er utstilte på store, upolstra kleshengarar eller tett bretta saman (figur 3), generelt lite bruk av polstring og støttmateriale, potensielt høge lys- og UV-nivå, manglande klimaovervåking, skadedyrkontroll og tilstandskontroll, tap grunna tjuveri og skade/forvring av tilstand grunna handtering av gjenstandar utan utarbeidde retningslinjer for dette.

### Dokumentasjon

Nokre gjenstandar er fysisk merka med nummer, men dette verkar ikkje gjelde alle, og vi forstår det slik at ikkje alle gjenstandane er dokumenterte. Det er inga kjend dokumentasjonsprosedyre, og det er ikkje kjent om det finst ein manuell eller databasert gjenstandskatalog.

## BRUK OG VERDI

### Samlinga sitt føremål/bruk – Generelt

Det er ikkje kjent om det finst ein føremålsparagraf, samlings- eller inntaksplan, men det er tydeleg at samlinga har eit føremål sett frå kommunen si side, og ein held stadig møte for å diskutere dei langsigtige planane for samlinga, inkludert framtidig forvalting og plassering av museumsbygning(ane).

### Brukarinvolvering

Publikumsfasilitetane og –tilgangen er relativt god, med toalett, parkeringsplassar og ein liten butikk, men det er ingen serveringsfasilitetar på staden. Vi forstår det slik at samlinga er i bruk ved opne arrangement og demonstrasjonar (f.eks. bruk av radioane), og det er stort potensiale for gjestar å glede seg over/interessere seg for samlinga (både spesialistar og ikkje-spesialistar), sjølv om det trengst noko oppdatering av utstillingane og/eller alternative innfallsvinklar til desse (slik som historiefortelling, bruksworkshopar, gjenskapingar av historiske hendingar, barnevennlege opne dagar, osb.)

### **Historisk, kulturell og intellektuell verdi**

Samlinga (og dei kunnskapsrike omvisarane) har verdi på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå, og har stort potensiale som bidrag til forsking, studiar og undervisning. I tillegg til gjenstandane finst det òg ei audiovisuell samling (som er i ferd med å bli digitalisert), som truleg innehold sjeldan/unikt materiale.

### **Kor unik er samlinga?**

Dei tette banda mellom staden, bygningen og samlinga og den unike historia gjør Bjørn West-museet til unikt på eit internasjonalt/nasjonalt/lokalt nivå, og samling har potensiell medieinteresse. Vi forstår det slik at det er sjeldne gjenstandar i samlinga (inkludert ein dampdriven generator og ei audiovisuell samling) som per i dag ikkje er tilstrekkeleg undersøkte og ikkje vert utnytta fullt ut når det gjeld formidling/utstilling. Betre dokumentasjon og forsking, i tillegg til oppdaterte/alternative tolkingar av materialet, kan vere med på å realisere meir av dette potensialet.

#### **1.1.1 Drøfting**

I skrivande stund ser det ut til at hovudfokuset ved museet ligg på formidlingssida av drifta, dvs. korleis auke besøkstala og betre gjestane si oppleveling på museet. Dette er viktige sider ved museumsdrifta som sikrar om organisasjonen overlever eller ikkje. Samtidig bør samlingsforvalting og konservering sjåast på som essensielt for drifta, då samlingane, og formidlinga av desse, til sjuande og sist er det gjestane kjem for å sjå. Dei tilsette har omfattande kunnskap om samlinga og historia til samlinga, men det er ingen ressursar eller ekspertise innan samlingsforvalting eller konservering internt i organisasjonen.

Samlingane er faktisk i relativt god stand per i dag, trass i noko utdaterte, «slitne» utstillingar og mangel på konserveringsgodkjende metodar og materialar. Om ein ser vekk frå risikoene for tjuveri, er det ingen gjenstandar står i fare for å bli skada eller gå tapt grunna dei noverande forholda ved museet, og med to entusiastiske lønna tilsette er det mogleg å gjere nokre enkle, rimelege grep for å betre vilkåra for langsiktig forvalting av samlingane. Grunnleggande opplæring i samlingsforvalting og førebyggande konservering internt er grunnleggande for å sikre bevaringa av samlingane til glede for komande generasjonar – altså ei like viktig prioritering som formidling og tilbod til gjestane. Det blei gjort ei tilstandsvurdering av samlinga i 2002, gjennomført som eit samarbeid mellom Norsk Museumsutvikling og Hordaland Fylkeskommune.<sup>1</sup> Dessverre er alle kommentarane og råda om forbetingar like relevante 12 år seinare.

Følgjande tilrådingar er basert på at samlingane blir verande på si noverande plassering, trass i pågåande diskusjonar om å flytte dei. Sjølv om det er tydeleg at det er utfordringar med bygningsskalet og utdaterte utstillingsmetodar, kan dei noverande lokala lett tilpassast til å bli eigna

<sup>1</sup> Sandvik, S. 2002. *Tilstandsvurdering av museum og samlingar i Hordaland, eit samarbeid mellom Norsk Museumsutvikling og Hordaland Fylkeskommune.*

for langtidslagring, utstilling og samlingsforvalting utan at ein treng å bruke dei avgrensa midlane på ein ny museumsbygning og/eller flytting. Forfattaren meiner òg personleg at den noverande plasseringa er med på å gjere samlinga verdifull og unik, og tilfører eit anna aspekt til formidlinga av den, og meiner at flytting bør vere ein siste utveg, berre dersom det er absolutt nødvendig for å sikre ivaretaking av samlingane og/eller vidare drift av museet.

NB! Implementering av ein føremålsparagraf eller samlingsplan har blitt lagt fram som ei **langsiktig** tilråding (i motsetnad til tilrådingar på **kort** eller **middels** lang sikt), på følgjande grunnlag:

1. Bjørn West og kommunen verkar allereie vere engasjerte i/ynskjer å gjere endringar og auke bruken av museet.
2. Utforminga av føremålsparagrafer og samlingsplanar kan vere tidkrevjande prosessar som krev diskusjon og debatt, og det er mange mindre endringar som kan gjerast med ein gong, eller på middels lang sikt, som utan tvil hastar meir med tanke på bevaringsbehova til samlinga.
3. Det er for tida to betalte tilsette på Bjørn West-museet som kan vere i stand til å setje i gang mange av endringane som kan gjerast straks eller på middels lang sikt, medan diskusjonar om føremålsparagraf og samlingsplan føregår.

Samtidig bør ein føremålsparagraf og samlingsplan danne grunnlaget for alle samlingsforvaltingsprosjekt ein gjennomfører, og vil vere til stor hjelp i å ta avgjerder og avgjere korleis ein best kan gjere bruk av organisasjonens avgrensa tid og ressursar. Det kan difor vere meir praktisk/nyttig å arbeide med desse dokumenta ved sidan av tilrådingane på kort til middels lang sikt, dersom det er praktisk mogeleg.

### 1.1.2 Tilrådingar

Vi føreslår at ein person utvald av museet tek ansvar for Bjørn West-samlingane og bygningane, og at han/ho vert tildelt midlar til å gjennomføre nødvendig opplæring/delta på workshopar på dei naudsynte områda, som skildra nedanfor.

#### 1.1.2.1 Kortsiktige mål

Følgjande forbetringer av bygningane og samlinga kan gjerast etter kvart som/når midlar vert tilgjengelege. Ein kan òg søkje ytterlegare råd, støtte og rettleiing på alle desse områda innan vedlikehald og samlingsforvalting frå MuHo.

- «**Krisehjelp**» til samlingane: Ein kikkert i utstillingsområdet i båthuset verkar ha fått «saltutslag» i det noverande, og potensielt varierande, klimaet den er oppbevart i. Det er ikkje klårt kva dette saltutslaget er, eller den spesifikke årsaka til det, men kikkerten treng vidare undersøking og moglegvis behandling for å motverke vedvarande skade. I mellomtida

tilrår vi at den vert fjerna frå utstillinga. Ta eit digitalt foto av han, merka med dato. Legg kikkerten i ein rein boks med lokk (helst av papp) og set han på ein kald, tørr stad fram til ein kan ta ei avgjerd om vidare behandling av gjenstanden.

- **Vern og vedlikehald:** Det er einigkeit om at taket på hovudbygningen til museet treng utbetringar/omtekking. Fleire område med vassinnitrenging og tilhøyrande skade på måling og murpuss vart oppdaga på den dagen undersøkinga vart gjennomført. Det er ikkje kjent om vasskadane er historiske eller aktive, men viss dei er aktive vil dei ha direkte påverknad på inneklimaet og tilstanden til samlingane. Viss det ikkje allereie er gjort, er det sterkt tilrådd å gjere ei fullstendig undersøking av bygningsskalet for å avdekke omfanget av arbeidet ein må gjere. Det kan òg vere aktuelt å vurdere å starte arbeidet med ein langsigtig vedlikehaldsplan for alle dei tre bygningane (dersom det ikkje allereie finst). Gjenstandane i øvste etasjen i museumsbygningen bør overvakast regelmessig for å sikre at dei ikkje vert direkte påverka av vasskader.
- **Tryggleik:** I mangel på midlar eller ressursar til å ha personale i dei ulike bygningane i opningstida, og grunna «marknadsverdien» til gjenstandane i samlinga, er det sterkt tilrådd at ein vurderer å installere overvåkingskamera i dei romma der ein oppbevarer gjenstandar. Dei vil både kunne motverke både planlagt og impulsjuveri, men kan òg vere til hjelp i å få tilbake stolne gjenstandar dersom eit tjuveri finn stad. Utstillingsmontera i det ubemanna båhuset bør tilpassast slik at dei kan låsast. Ein bør vurdere å sikre verdifulle/uerstattelege gjenstandar som ikkje står i utstillingsmonter, byggje stengsel, kjøpe/lage fleire utstillingsmonter og/eller stille ut «berbare» gjenstandar i hovudbygningen til museet.
- **Helse og tryggleik:** Undersøk dei juridiske krava for lagring og utstilling av skytevåpen (viss dette ikkje allereie er gjort), for å sikre at det ikkje trengst ytterlegare tiltak. Sikring av utstillingsmontera vil òg hindre eventuell mis/bruk av medisinane som er utstilte.
- **Husarbeid og reingjering:** Det ser ut til at bygningane vert regelmessig og effektivt reingjorte, noko som reduserer mengda av støv og smuss, potensiale for skadedyr og skade på samlingane. Vi tilrår likevel å minimere våtreingjering av golva, då dette har direkte innverknad på inneklimaet og tilstanden til samlingane. Vi tilrår nøyde overvaking av luftfuktigheita i museet under reingjering og at ein tilpassar metodar/materiale for å minimere ein eventuell brå auke i relativ luftfuktigkeit. Sjå **Vedlegg 1 – Husarbeid og reingjering** for meir informasjon.
- **Reingjering av gjenstandar:** Mengda støv og smuss på gjenstandane er relativt låg, og det er tydeleg at samlinga vert godt beskytta og teken vare på. Likevel var det noko støv/sagflis i utstillingsmontera, som kan ha ein negativ innverknad på samlinga i eit bevaringsperspektiv,

ved at den slepp ut miljøgifter, tiltrekker seg skadedyr og potensielt kan føre til permanent skade. Reingjering bør skje sjeldan, men regelmessig, f.eks. ein eller to gongar i året, etter behov og det som er tilrådeleg, og bør gjennomførast med bevaringsgodkjende metodar og materiale (så langt som mogeleg) for å minimere risikoen for gjenstandane. Vi tilrår sterkt at den utvalde personen får opplæring i reingjerings av gjenstandar før han/ho reingjer gjenstandane i samlinga. Sjå **Vedlegg 3 – Reingjering** for meir informasjon.

- **Handtering:** Når ein ryddar eller gjer reint, tilrår vi at gjenstandane vert handterte minst mogleg, og at ein brukar eingongshansk for å beskytte gjenstanden og vedkommande som handterer den. Det finst òg handteringsrutinar som gjev gjenstandane tilstrekkeleg støtte og minimerer potensiell skade. Sjå **Vedlegg 2 – Handtering** for meir informasjon.
- **Tilstandsvurdering:** Reingjering av gjenstandar er eit ideelt høve til å gjere ei enkel tilstandsvurdering. Slik minimerer ein handtering av gjenstanden, då ein slepp å gjere det to gongar. Sjølv om detaljane rundt ei spesifikk skade eller tilstandsforverring og årsaka til den kan vere ukjend, kan ein ikkje-konservator gjere visuelle observasjonar av tilstanden til ein gjenstand, og leggje merke til ting det er verd å uroe seg for. Noter og fotografer rifter, avskala måling, skraper, sprekker, osb. (og lagre desse i skriftleg, helst digitalt, format). Dette vil vere til hjelp i framtidige undersøkingar, og gjere det mogleg å samanlikne og avdekke pågåande tilstandsforverring og iverksetje naudsynte tiltak. Gjenstandar som ein er særleg uroleg for (slik som kikkerten ovanfor) kan takast ut av utstillinga og lagrast trygt i ein boks, og undersøkast av ein konservator når ein har midlar til det. Det er sterkt tilrådd at ein hyre ein konservator til å hjelpe den utvalde personene med å utforme ei standard vurderingsroutine, eller at vedkommande får opplæring i å gjennomføre tilstandsvurderingar. Sjå **Vedlegg 4 – Tilstandsvurdering og registrering** for meir informasjon.
- **Lys/UV-vurdering og kontroll:** Det er tynne gardiner framfor alle vindauge i underetasjen i hovudmuseet, og det er avgrensa lysmengder i utstillingsrommet i båthuset. Det er likevel truleg at samlingane vert utsette for store mengder lys og UV-stråling i form av kunstig lys og konsentrerte lysstrimer av dagslys i båhuset. Vi tilrår sterkt anten at ein hyrer ein konservator til å gjennomføre lys/UV-målingar på ulike stadar i bygningane, eller at den utvalde personen får opplæring i lys/UV-måling og gjer slike målingar sjølv. Alt etter resultata av målingane, kan gjenstandar som er spesielt lyssensitive anten flyttast vekk frå vindauge, beskyttast ved å lukke gardinene og/eller bruke UV-film, eller, når det gjeld skada eller spesielt sensitivt materiale, fjerne det frå opne utstillingsområde og flytte det til magasin. Sjå **Vedlegg 5 – Lys og UV** for meir informasjon.

- **Miljøovervåking:** Overvaking av hovudbygningen ved museet vert gjennomført av ein liten digital termohydrograf, men det er ikkje klårt korleis denne informasjonen brukast, og eit slikt instrument kan ikkje lagre detaljert informasjon om variasjonar på dags-, veke-, månads- og årsbasis. På undersøkingsdagen var tilhøva eit tilstrekkeleg kompromiss mellom bevaring av samlingar med blanda materiale og komforten til museumsgjestane, både i hovudmuseet og i båthuset, sjølv om dei opne dørene på begge stadar tyder på at tilhøva vil variere i samsvar med endringar i utemiljøet, og det finst ingen informasjon om korleis klimaet endrar seg over tid. Tilhøva på Stølen låg tett opp til utemiljøet, dvs. kjølig, fuktig og dårlig eigna for langtidsbevaring av museumsgjenstandar, men det er ikkje kjent om museumsgjenstandar vert oppbevarte her. Sjølv om det ikkje vart avdekkja skadar på gjenstandane som kan knytast til eit dårlig miljø (bortsett frå kikkerten i båthuset og gjenstandane på Stølen), er det sterkt tilrådd at ein overvakar lokala for å få ei klårare forståing av tilhøva. Miljøovervåking kan vere tid-, innsats- og ressurskrevjande, og det er sterkt tilrådd at ein overvakar romma i minst eitt år for å forstå tilhøva der, avdekke eventuelle mønster og gjere vel funderte val om kva kontrolltiltak som er naudsynte i framtida. Det er nyttig å registrere alle relaterte opplysningar, som for eksempel været ute (regn, sol, osb.), om det var museumsgjestar i bygningen, om golvet var våtreingjort, om dører eller vindauge hadde vore opna og kor lenge, osb., då dette er faktorar som kan ha innverknad på inneklimaet. Ein tilrår å halde dører og vindauge lukka for å oppretthalde eit stabilt klima fram til ei måling kan gjennomførast.
- «Dørlukkarar», t.d. hydrauliske, kan kjøpast og festast på dører i ubemanna område for å sikre at dei heile tida er lukka. Ein tilrår anten å bruke ein konservator til å utføre målingane, eller at den utvalde personen får opplæring i klimaovervåking og –kontroll og utfører overvakinga sjølv. Sjå også **Vedlegg 6 – Klimaovervåking og kontroll** for meir informasjon.
- **Skadedyrkontroll:** Bortsett frå på Stølen, der mit-aktivitet vart avdekkja, vart det ikkje oppdagat andre skadedyr på undersøkingsdagen. Regelmessig husarbeid, reingjering og tilstandskontroll vil vere til hjelp i å avdekke eventuelle skadedyrproblem, og visuelle kontrollar er tilrådd for å avdekkje teikn på skadedyrproblem/angrep i framtida. Dersom ein oppdagar enkeltgjenstandar som er infiserte, bør dei forseglast i minst eitt lag tjukk polyetylen, merka som skadedyrinfiserte og deretter bør ein søkje råd hos ein konservator for å fastslå passande tiltak for å få bukt med problemet. Det bør likevel understrekast at fjerning av skadedyr på gjenstandar som vil bli sette tilbake i det same, infiserte miljøet er bortkasta og ressursar, og er berre tilrådd dersom ein tidlegare har sett i verk tiltak for å fjerne eller halde skadedyraktiviteten i bygningen i sjakk. Det er sterkt tilrådd at den utvalde ansvarlege ved museet får opplæring i skadedyrkontroll, for å gjere han/henne i stand til å

utarbeide ein plan for skadedyrkontroll. Sjå **Vedlegg 7 – Integrert skadedyrkontroll** for meir informasjon.

#### 1.1.2.2 *Middels langsigktige mål*

- 
- **Klimakontroll:** Etter å ha gjennomført klimaovervåking i minst eitt år, kan informasjonen som er innsamla vere til hjelp i å gjere ei velfundert avgjerd om kor vidt det trengst ytterlegare klimakontroll. Dette treng ikkje vere dyrare eller meir tidkrevjande enn å bruke ein varmeomn, og treng ikkje innebere å gjere endringar i bygningen. Enkle, effektive og rimelege løysingar kan vere luft(av)fuktatar eller «bevaringsvennlig oppvarming», dvs. å bruke ein elektrisk radiator med hygrostat som kontrollerer fuktigheita. Det krev ein del erfaring å tolke klimaovervåkingsdata og fastsetje passande kontrollmetodar, og ein tilrår difor å få hjelp av ein konservator. Kontrolltiltaka i seg sjølv krev kontinuerleg oppfølging for å sikre at dei fungerer og opprettheld eit passande klima for samlinga og bygningen.
- **Eigna lokale og materiale:** Jamt over er gjenstandane i hovudbygningen til museet og båthuset oppbevara i tilfredsstillande lokale og får tilfredsstillande støtte. Likevel ville ein med enkle grep kunne gjere utstillingsromma meir eigna for langtidsoppbevaring av samlingane, som skildra nedanfor. Merk at dette ikkje er ei utfyllande liste over alle forbetingane som kan gjerast, men heller ei innføring i dei utfordringane som krev tiltak. Endringane treng ikkje vere kompliserte eller kostbare, men ein tilrår å få hjelp av ein konservator når det gjeld spesifikke endringar til utstillinga og/eller at den personen ein vel ut får opplæring i eigna lagring og støtte for museumssamlingar. Sjå **Vedlegg 8 – Lagrings- og utstillingsmetodar og materiale** for meir informasjon.
- Dei store glasmontrane i hovudbygget til museet har ikkje hyller innvendig. I staden stillast enkelte gjenstandar ut oppå andre gjenstandar, og desse får ikkje alltid god nok støtte, noko som fører til belastning, både på dei øvste og dei nedste gjenstandane. Innvendige hyller ville vere til stor hjelp i å forbetre forholda for samlingane (og for gjestane, som ville slepe å bøye seg ned for å sjå gjenstandane).
- Dei fleste av utstillingsmontrane verkar vere laga av furu. Diverre gir furu, saman med andre tresortar, frå seg syrehaldige gassar som vil bli ekstra konsentrerte i eit utstillingsmonter. På liknande vis kan det grøne stoffet i botnen av nokre av montrane gje frå seg svovelhaldige gassar. Desse forureinande stoffa kan ha ei skadeleg effekt på organisk materiale i museumssamlingar (tekstilar, skinn, papir, osb.). Ein tilrår difor å gå gjennom alle materiala som brukast til å oppbevare og stille ut samlingane og innføre tiltak for å tilpasse eller erstatte dei ettersom/når ein får finansieringa på plass.

- **Tekstilutstilling:** I nokre tilfelle er drakter stilte ut på kleshengarar og/eller utstillingsdokker i feil storleik. Dette kan påføre ekstremt store belastningar på delar av skjøre tekstilar, og føre til skade og tilstandsforvring på sikt. Det er sterkt tilrådd at ein vel alternative utstillingsmåtar for desse, anten ved å forsiktig brette tekstilane og legge dei på hyller, og tilstrekkeleg polstre alle brettar/folder, eller lage/kjøpe modellar og polstre dei slik at dei får passande storleik/form (dette er det beste valet, dersom det er eit aktuelt alternativ økonomisk sett). Nokre av tekstilane er bretta tett saman på små hyller i eit utstillingsmonter, utan polstring. Desse står i reell fare for å svekkast og bli skada langs brettane. Dei krev større utstillingsplass og tilstrekkeleg støtte/polstring av brettane. Eit kortiktig tiltak for å beskytte tekstilar i opne utstillingar frå støv, smuss og handtering er å dekkje dei med eit tynt lag med Mylar (inert polyesterfilm). Viss eigna utstillingsmåtar ikkje er aktuelle, kan ein måtte lagre nokre tekstilar i polstra boksar for å sikre langsiktig bevaring.
- Gjenstandane er stort sett plasserte på botnen av utstillingsmontrane, eller på golvet, utan barriere eller polstring mellom. Eit inert barriere-/polstringslag vil støtte opp under skjøre materiale og fungere som eit isolasjonslag frå potensielle skadelege stoff i fôrstoffet i utstillingsmontrane.
- Det er ikkje eit klårt skilje mellom gjenstandar og «vanlege» ting i den øvste etasjen. Rommet er brukt til møte, filmvisninger, måltid og utstilling av gjenstandar frå samlinga (opa utstilling). Difor er desse objekta sårbare for skade og tilstandsforvring grunna omfattande bruk, utilsikta skade, høge nivå av støv/smuss, varierande klimatilhøve og høge lys/UV-nivå. Å ha ei eiga «bruksamling» kan vere ei viktig form for samlingsforvalting og formidling. Likevel bør ei slik avgjerd vere formelt vedteken og skriftleggjort (sjå **Føremålsparagraf og samlingsplan** nedanfor), og gjenstandane i denne samlinga bør vere nøye utvalde for å sikre at ikkje sjeldan eller uerstatteleg materiale vert sett i fare.
- Ein bør vurdere å fjerne alle uerstattelege og verdifulle gjenstandar frå Stølen og stille ut/lagre desse andre stadar, då dette er eit ueigna miljø for oppbevaring av museumsgjenstandar.
- **Krisebereskapsplan:** Ein kriseberedskapsplan bør vere eit skriftleg dokument som skisserer, til dømes, potensielle trugsmål (brann, flaum, tjuveri), kva tiltak ein bør setje i verk for å minske konsekvensane av ei katastrofe, kven ein kan kontakte i naudstilfelle, og korleis ein skal hanskast med ulike typar naudssituasjonar. Som ein del av kriseberedskapen er det lurt å ha eit «ulukkes-kit» tilgjengeleg. Dette bør innehalde grunnleggande utstyr for å gje rask «førstehjelp» til gjenstandar før ein kan setje i verk ein konserveringsstrategi. Nokre nyttige gjenstandar kan vere ei bøtte med mopp, svampar, trekkpapir, sperringstape, beskyttande

kjeledressar, hanskar, støvmasker, ei lommelykt med ekstra batteri, osb. Sjå **Vedlegg 10 – Kriseberedskap og –respons** for meir informasjon.

#### 1.1.2.3 *Langsiktige mål*

- **Dokumentasjon:** Nokre av gjenstandane er fysisk merka, men det ser ikkje ut til at alle gjenstandane har blitt systematisk nummererte, og det er ikkje kjent kva som finst av tilhøyrande dokumentasjon. Dokumentasjon er nøkkelen til effektiv forvalting og bevaring av ei samling. Denne typen kunnskap bidreg til å avgjere kva den inneheld og kva som trengst for å ivareta den i framtida. Å kjenne ei samling og behova den har kan gjere det mogleg å skaffe finansiering frå eksterne kjelder. Ein tilrår å iverksetje tiltak for å finne dokumentasjon om objekta, inkludert eventuelle loggbøker og tilvekstprotokollar. Dette vil gjere det mogeleg å kople gjenstandar til rett informasjon/nummer dersom det er nokon som manglar, eller identifisere gjenstandar utan nummer. Gjenstandar utan nummer får eit midlertidig nummer på ein lapp som ein knyt på gjenstanden med hyssing, og blir dokumenterte på same måte som dei nummererte gjenstandane, fram til ein opparbeidar seg ei betre forståing for systemet og kan vidareføre det. Ideelt sett bør alle gjenstandar dokumenterast i digitalt format med foto, noko som kan hende allereie er gjort. Dette er ikkje berre eit viktig verktøy for museet, det opnar opp moglegheiter til å gje breiare tilgang til samlinga med tanke på undervisning og forsking, promotere arbeidet til Bjørn West og bidra til ei forståing av kva for historisk materiale som blir samla inn og teke vare på i Nordhordlandsregionen som heilskap.
- Dokumentasjon krev hjelp og/eller kontinuerleg rådgjeving frå ein spesialist innan samlingsforvalting, og ein tilrår at den utvalde personen får opplæring i dokumentasjonsprosedyrar for museumssamlingar. Sjå **Vedlegg 9 – Dokumentasjon & merking** for meir informasjon.
- **Føremålsparagraf og samlingsplan:** Det kan vere det allereie finst eit dokument som fastset føremålet med samlingane i Bjørn West-museet sitt eige, og som skisserer juridiske og moralske plikter til å ta vare på desse. Dette må undersøkast før ein implementerer ein ny plan. I mangel på eit slikt dokument er det sterkt tilrådd å lage ein skriftleg plan, som klårt definerer kvifor samlinga har blitt til, korleis den skal brukast og korleis ein bør ta vare på den i framtida. Viss den fremste prioriteringa er at gjenstandane skal vere ofte i bruk eller brukast i for eksempel handverksworkshopar, undervisningsopplegg eller erindringerstherapi, er det ikkje tilrådeleg å bruke pengar på kostbare konserveringstiltak, då gjenstandane til sjunde og sist likevel vil fortsetje å forfalle.
- Viss derimot langsiktig bevaring av samlinga er høgt prioritert, og ein lagar eit «ikkje-bruks»-reglement for å understreke dette, kan det vere aktuelt å konservere utvalde gjenstandar,

gitt at punkta ovanfor har blitt utførte for å vere med på å hindre framtidig forfall. MuHo kan tilby spesialrådgjeving og hjelp med å utforme eit slikt dokument. Sjå òg **Vedlegg 11 – Føremålsparagraf & samlingsplan** for meir informasjon.

- **Konservering:** På dette stadiet, og når ein samlingsplan er på plass, kan det vere passande å hyre ein konservator til å gjere ein omfattande konserveringsstudie av samlingane. Denne vil peike ut spesifikke gjenstandar som er i faresona og fastslå kva gjenstandar som treng konservering. Konservatoren vil kunne levere ein rapport med tilrådingar, prioriteringar og kostnadskalkulasjonar for alle naudsynte tiltak, som så kan gjennomførast etter kvar som/når ytterlegare midlar vert tilgjengelege. Nok ein gong bør det understrekast at konservering av enkeltgjenstandar før ein har gjort endringar i dei noverande museumslokala er å kaste vekk museet sine avgrensa ressursar. Dei viktigaste, og mest kostnadseffektive konserveringstiltaka er førebyggande, dvs. basert på enkle prosedyrar som orden og reingjering, rett handtering, klima- og skadedyrkontroll. Til sjuande og sist er det desse tiltaka som vil hjelpe til med å bevare samlingane på lang sikt, og minimerer behovet for kostbare konserveringsbehandlingar i framtida.